

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/17	Formannskapet	PS	11.05.2017
035/17	Kommunestyret	PS	23.05.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L12	16/497

### **Godkjenning av Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**

#### **Vedlegg**

Reguleringsplan, 21.10.2016 - 2 av 2

Reguleringsplan, 21.10.2016 - 1 av 2

Fv 57 - Oppsummering og kommentar til merknader og innspel 18.04.2017

Reguleringsplan Fv 57 Austrheim grense - Mongstadkrysset- Føresegner 21....

Reguleringsplan Fv 57, Parsell Austrheim grense-Mongstadkrysset, Planomt...

Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense - Mongstadkrysset. Planid. 2016002

Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002- Offentleg ettersyn

Merknad til reguleringsplan gang- og sykkelveg FV 57 - Lindås grense til Mongstadkrysset

Merknad til reguleringsplan Fv. 57 parsell Austrheim grense - Mongstadkrysset, planid. 2016002- offentlig ettersyn

Merknad til reguleringsplan Fv. 57 parsell Austrheim grense - Mongstadkrysset, planid. 2016002- offentlig ettersyn

Feil i kart - gbnr 129/3 - Litlås

Kart

Merknad til reguleringsplan Fv. 57 parsell Austrheim grense - Mongstadkrysset, planid. 2016002- offentlig ettersyn

Merknad til reguleringsplan Fv. 57 parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002 - Austrheim kommune

Fylkesveg

Kart fra statens vegvesen

Fv. 57 frå Lindås grense - Mongstadkrysset, utbetring av køyreveg med ny gang- og sykkelveg, oversending av framlegg til reguleringsplan til slutthandsaming

#### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

#### **Formannskapet - 034/17 - 11.05.2017**

##### **FS - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

##### **FS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

#### **Kommunestyret - 035/17 - 23.05.2017**

##### **KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

##### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

##### **Saksopplysninger:**

Formannskapet i Austrheim kommune vedtok i møte den 26.01.2017 (saksnr. 014/17) å legga planframlegg til **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002** ut på offentlig ettersyn. Plandokumenta var datert 21.10.2016. Reguleringsplanen har vore på offentlig ettersyn i tidsrommet 26.01.2017 – 15.03.2017. Plankart og reguleringsføresegner som no er klar i samband med godkjenning av reguleringsplanen er datert 21.10.2016, den reviderte planskildringa er datert 18.04.2017. Følgjande justeringar er gjennomført i plandokumenta i planskildringa: 1. Ny revisjonsdato 18.04.2017. 2. Prosess er skildra i siste avsnitt kap. 3.1. 3. Vedlegg nr. 5 er tatt inn i kap. 8.

Det er Statens vegvesen, Region vest som er forslagstillar for dette planarbeidet. Planfirmaet ABO plan & Arkitektur AS har gjort planarbeidet. Planområdet omfattar Fv. 57 Mongstadvegen frå kommunegrensa i Austrheim nordover til Mongstadkrysset, sørvest langs Keilevegen til gnr. 130 bnr. 5, samt gang- og sykkelveg mot Litlåsvegen. Planområdet famnar og om areal som er vurdert som naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet. Det ligg ikkje bygningar innafor planområdet for Fv. 57 Mongstadvegen og Keilevegen. Planforslaget legg til rette for utbetring av om lag 1,1 km på Fv. 57 med gang- og sykkelveg. Planforslaget regulerer også utbetring av Keilevegen frå vegkryss fram til gnr. 130 bnr. 5. Om lag 600 meter av Keilevegen er planlagt utbeta til vegklasse Sa2, det skal etablerast gang- og sykkelveg langs denne. I planframlegget er det innarbeidd rundkøyring i Keilekrysset med planfri kryssing (undergang) for mjuke trafikkantar og to busshaldeplassar.

Forventa trafikkgrunnlag for Fv. 57 Mongstadvegen er i framskriven situasjon for år 2030 berekna til 4.600 ÅDT. Fv. 57 er registrert med ÅDT på 3.000 (2015). Fartsgrense er 80 km/t. Det er på Fv. 57 i planområdet registrert 7 ulykker med lettere skadd person i tidsrommet 1982 – 2012. Det er langs Fv. 57 her ikkje tilbod til gåande og syklende i dag. Keilevegen er ikke registrert med trafikkmengde. Fartsgrense er 50 km/t og er vikepliktsregulert mot Fv. 57. Det er langs Keilevegen ikkje tilbod til gåande og syklende i dag. I samband med utvikling av næringsområda langs Keilevegen og den framtidig bustadutbygginga på Keila vert det aukande mengder med biltrafikk også her framover.

Alle partar og offentlege instansane fekk tilsendt eige skriv frå Austrheim kommune datert den 02.02.2017 om planforslaget som vart sendt på offentleg ettersyn. Dei kunne lesa om planframlegga på Austrheim kommune si heimeside og på kommunen sitt digitale planarkiv Braplan (<http://braplan.geoweb.no/braplan/>) på planid **2016002**. Det var og mogeleg å få sjå planframlegga på kommunehuset. Merknadar til planforslaga måtte sendast innan 17. mars 2017 til Austrheim kommune. Det kom inn fire offentlege merknadar og ein privat merknad til reguleringsplanen. Desse var frå:

#### **1.Statens vegvesen, Region vest**

#### **2.NGIR**

#### **3.Hordaland fylkeskommune**

#### **4.Fylkesmannen i Hordaland**

#### **5.Terje og Heidi Litlås, grunneigar på gbnr. 129/3**

Planleggjar har gjeve oppsummering og kommentar til merknader og innspel, den er vedlagt i saka.

#### **Offentlege merknadar:**

**1.Statens vegvesen** skriv i sin merknad datert 13.02.2017 at planframlegget er utarbeid i samråd med Statens vegvesen og er fremja av Statens vegvesen. Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til planframlegget slik det no ligg føre.

**Planleggjar sin kommentar til merknaden er:** *Teken til orientering.*

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune tek merknaden til Statens vegvesen til orientering.

**2.NGIR** skriv i sin merknad datert 27.02.2017 om stad og tilkomst for henting av avfallsdunkar.

**Planleggjar sin kommentar til merknaden er:** *Det er ikkje private hushaldningar som har direkte avkjørsel til planlagde vegar i planområdet. Tilliggjande arealbruk er næring og industri som organiserer renovasjonsavhenting på eige område.*

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune tek merknaden til NGIR til orientering.

**3.Hordaland fylkeskommune** skriv i sin merknad datert 27.02.2017 at føremålet er i stor grad i samsvar med kommuneplan. Dei opplyser og om at planområdet med tilrettelegging for gange og sykling ligg inne i Plan- og byggeprogrammet for 2017 under *prosjekt under planlegging*. Tiltaket har førebels ikkje finansiering, skriv dei. Ut over dette har Hordaland fylkeskommune ingen samferdselsmessige merknader til planforslaget. Fylkeskommunen skriv og at tiltaket med å etablere veganlegga synast å medføre betre trafikktryggleik til nærområdet, og er soleis eit positivt bidrag i eit område som legg opp til ny bustadbygging og omsorgstilbod for eldre. Dette er også positivt at ein med dette får på plass ein gang- og sykkelveg. Dei skriv og at: *-Vi stiller oss positive til at det vert stilt krav til handtering av matjord og landbruksdrift gjennom tydelege føresegn, jf. § 1.3.6.*

Hordaland fylkeskommune skriv at saksopplysingane syner at planforslaget ikkje er vurdert å vere i konflikt med areal til naturmangfald eller friluftsliv etter ferdigstilling av arbeidet. Dei oppmodar om at ein rettar eit særleg fokus på å hindre potensielle skadar for naturmangfald i anleggsfasen. Hordaland fylkeskommune har elles ingen vesentlege merknader til planforslaget.

**Planleggjar sin kommentar til merknaden er:** *Teken til orientering.*

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune tek merknaden til Hordaland Fylkeskommune til orientering.

**4.Fylkesmannen i Hordaland** skriv i sin merknad datert 17.03.2017 at dei ser på denne planen som eit tiltak for å auke tryggleiken i transportsystemet. Dette er i samsvar med nullvisjonen og med nasjonale mål for vegtrafikken. Fylkesmannen skriv og at høgare vegstandard vil gje god framkommelegheit og tryggleik, og tiltaket vil venteleg ha stor nytte både for person- og nyttetransporten samt for dei mjuke trafikantane. Fylkesmannen i Hordaland har elles ingen merknader til planframlegget.

**Planleggjar sin kommentar til merknaden er:** *Teken til orientering.*

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune tek merknaden til Fylkesmannen i Hordaland til orientering.

### **Private merknadar:**

**5.Terje og Heidi Litlås, grunneigar på gbnr. 129/3** skriv i sin merknad datert den 12.03.2017 og 16.03.2017 at følgjande forslag bør vurderast som alternativ til plan:

### **1. Litlåsvegen brukes som gang og sykkelveg mellom Hope og Mongstadkrysset.**

Dei skriv her at: *-Da slipper man bygge gang og sykkelvei langs FV 57 på denne strekningen. Langs FV 57 ligger terrenget stort sett høyere enn veien og det vil bli opp mot 20 meter høye skjæringer der gang/sykkelvei er planlagt. Dvs store inngrep i terrenget og meget store kostnader. En langt rimeligere løsning vil være å bruke Litlåsvegen som gang og sykkelvei. Skilte med stengt for gjennomkjøring, kun tillatt kjøring til eiendommene og i tillegg ruste opp veilys på strekningen. Gjerne også fortau. Vil være mye mer nyttig enn en gangvei langs FV 57. Det er ingen boliger eller annet langs fylkesveien i området Hope i Lindås til Mongstadkrysset.*

Terje og Heidi Litlås meiner at: *-Slik gangveisystemet er planlagt mellom Austrheim grense og Mongstadkrysset bidrar det ikke til å bedre trafikksikkerheten. Det er ingen som går langs FV 57 mellom Hope i Lindås og Mongstadkrysset.»*

### **2. Krysset FV 57 og Kjeilevegen stenges. Planlagt rundkjøring sløyfes.**

Dei skriv her at: *-Som erstatning bygges en ny vei i industriområdet vest for FV 57 mellom Kjeilevegen og rundkjøringen i Mongstadkrysset slik at all trafikk som skal til Kjeilen og til industriområdet vest for FV 57 går gjennom rundkjøringen i Mongstadkrysset.*

### **3. Det bygges nytt busstopp ved Spar Mongstad/ved rundkjøring i Mongstadkrysset.**

Dei skriv her at: *-Busstopp på Litlås (ved Kjeilekrysset) og busstopp ved krysset Kaland sør legges ned og erstattes med ny bussholdeplass på vestsiden av FV 57. Ved Spar Mongstad. Denne bygges slik at både nord og sydgående rute stopper på en holdeplass vest for FV 57. En slik holdeplass kan betjene alle reisende fra Litlås, Kjeilen, Kaland sør og Mongstad. Litlås meiner såleis det vert betre trafikktryggleik med ein felles busshaldeplass ved Spar Mongstad.*

Terje og Heidi Litlås meiner og at planlagt gang og sykkelveg ved planlagt rundkjøring Kjeilekrysset ikkje vil fungere. Folk som går og sykklar her vil ikkje bruka den, skriv dei. Det gjeld og planlagt busstopp sør for planlagt rundkjøring. Terje og Heidi Litlås meiner og at gang og sykkelveg langs FV 57 endar på feil stad ved Mongstadkrysset, dette på grunn av manglande undergang under industrivegen til Mongstad. Dei meiner at: *-Skal gangveisystemet fungere noenlunde må det lages undergang under industriveien. Undergangen bør i så fall ligge så nær rundkjøring i Mongstadkrysset som mulig.*

Terje og Heidi Litlås skriv og at Austrheim og Lindås kommune bør gå saman om å leggja spellvassleidning og byggja ein pumpestasjon i dalen mellom Hope og Litlås om vegen vert bygd som planlagt. Dei meiner og at BKK må få ned høgspenteleidninga langs Fv. 57 eller Litlåsvegen. Terje og Heidi Litlås meiner at konsekvensane på deira eigedom er at det vert endå større skjeringar mot Fv. 57 enn det som alt er der, og at desse må i såfall sikrast. Dei skriv og at ridesti langs deira beiter sørover frå den gamle Kjeilevegen må erstattast. Terje og Heidi Litlås meiner og at skogen mellom deira tun og Fv. 57 vert sterkt berørt og truleg må fellast. Skogen reduserer i dag vinden på gardstunet. Dei skriv og at skogen her fungerer også som ein buffer mot FV 57 og mot støy frå vegen.



**Skogen har om lag 40 meters breidde langs Fv. 57 på gbnr. 129/3- Litlås**

I eige skriv den 16.03.2017 skriv Litlås at område langs Fv 57 i digitale kart står at Statens vegvesen er eigar av området langs Fv 57 frå Kjeilevegen mot bruk 130/3, og sørover mot Lindås grense. Dette meiner dei ikkje er riktig. Markert område i kart, ca. 7- 8000 m<sup>3</sup>, tilhøyrer 129/3, kart er lagt ved.

#### **Planleggjar sin kommentar til merknaden er:**

*Statens vegvesen ønsker å opprette gjennomgåandesykkelveg mellom Keilenkrysset og planlagde busstopp. Planforslaget skal sikre gang- og sykkelveg som tilbud til mjuke trafikantar langs Fv57. Det er i planframlegget vektlagt at tilbudet skal tene begge sider av fylkesvegen. Det er planlagt og sett av store næringsområde i vedtatt planverk på vestsida av Fv 57 og på begge sider av Keilevegen. Gang- og sykkelvegen vil sikre ferdsel frå avsette område og vidare mot nord.*

*Avsette næringsområde og framtidig utvikling i Keilenområdet medfører at det er lite aktuelt å stenge krysset. Planforslaget medfører opprusting av krysset for å sikre noverande og framtidig tilkomst til Keilenvegen. Stenging av eksisterande kryss og etablering av regulert sekunderveg til planlagde næringsområde vil medføre at all framtidig trafikk må gjennom næringsområdet like sørvest for Mongstadkrysset.*

*Bussrute 300 Knarvik-Mastrevik tener bussreisande i området. Busstoppa ved Kaland ligg utanfor planområdet og tener bustadområdet, samt skule og barnehageområdet på Kaland via Vardevegen. Busstoppa tener også brakkeriggen ved Mongstad, samt reisande mot ferjekaien. Planlagde busstopp ved Keilekrysset vil betene framtidige næringsområder langs Keilevegen og bustadområder på Keilen. Mongstad anlegget har eigne arbeidsruter som nyttar seg av etablert busstopp i Industrivegen Mongstad. Etablering av nytt busstopp ved Mongstadkrysset er utfordrande med omsyn til eksisterande vegnett, undergang og gang og sykkelvegssystem. Det vil også føre til lengre veg for reisande ved Kaland området.*

*Det er vanskeleg å legge til rette for løysing som hindrar villkryssing av Fv57 ved busstopp ved Keilekrysset. Ein vil i det vidare arbeidet med byggeplan søke å finne attraktive løysingar som i størst mogleg grad legg til rette for gode kryssingspunkt. For å sikre universell utforming av undergangen er ein avhengig av lengda og stigningsforholda til undergangen. Utforming av rundkjøringa vil medføre avgrensa hastigheit ut frå rundkjøringa. Baksikt i samband med busstoppet er vurdert som tilfredsstillande. Skilta hastigheit vil bli vurdert i byggeplanen. Gang- og sykkelvegen i Mongstadkrysset knyt seg til eksisterande system. Det kan ikkje etablerast kryssingspunkt nærare rundkjøringa pga. terreng og siktforhold. Etablering av VA- grøft vil bli vurdert som del av byggeplanen. Dialog med BKK og evt. å legge høgspenlina i jordkabel vil bli gjennomført og vurdert*

*som del av byggeplanen.*

*Skjeringar vil bli sikra ihht. geologisk rapport og byggeplanen som skal utarbeidast. Erstatning av ridesti og andre ulemper som utbygginga vil medføre vil bli avklara som del av grunnnervvsprosessen. Delar av det skogkledde området er i planforslaget regulert til mellombels rigg- og anleggsområde. Avklaringar rundt skogfelling og evt. ulemper som dette medfører vil bli avklara som del av grunnnervvsprosessen. Det er ikkje planlagt synfaring og utstikking av vegliner på dette tidspunktet. Dette vil vere aktuelt i samband med utarbeiding av byggeplan for veganlegget.*

*Oppmålingsavdelinga i Austrheim kommune har henta inn oppgjerskart frå Statens vegvesen og er av den oppfatning at grensene som er vist i kart er korrekte. Dersom merknadsstillar meiner kartet viser feil må dette avklarast med Statens vegvesen.*

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune har som kommentar at planframlegget er utarbeidd i samråd med Statens vegvesen og planleggjarfirmaet ABO. Målet er å få ein samanhengande gang- og sykkelveg langs heile Fv. 57, dette både for meir langtfarande syklistar og mosjonistar, men og for gåande og syklande i nærområdet her. Det er og langs fylkesvegen her bussane går i dag, det er difor viktig at flest moglege folk på begge sidane av fylkesvegen her får relativt kort avstand til busstopp, det gjeld og inbyggjarane på Keilen og på Litlås. Det er og viktig at dei kan kryssa fylkesvegen på ein trygg måte, om dei ynskjer det. Me veit ut frå erfaring av ein rundkøyring ved Keilekrysset vil redusera farten på bilane her, og gjera krysset tryggare for av og påkøyring. Det er heller ingen god løysing å la folk på som bur på Keilen køyra gjennom eit eksisterande og framtidig næring- og industriområde på Kaland for å koma seg til og frå heimen sin. Austrheim kommune deler elles planleggjar sin kommentar til merknaden og viser til den. Austrheim kommune tek merknaden til Terje og Heidi Litlås til orientering.

## **Vurdering:**

Rådmannen synes at **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid.2016002** er ein god plan for ein framtidsretta infrastruktur knytt til gang- og sykkelveg langs Fv. 57. Plankart og reguleringsføresegner som er datert 21.10.2016 og planskildringa som er datert 18.04.2017 viser på ein god måte korleis dette veganlegget kan verta etter det er ferdigbygd. Rådmannen synes det er positivt å planleggja for ein undergang og rundkøyring ved vegkrysset til Keilevegen. Også andre trafikksikringstiltak for å tryggja born og unge og andre trafikkkantar langs Keilevegen er planlagt på ein god måte i denne reguleringsplanen.

Rådmannen deler synspunkta i merknadshandsaminga frå planleggjar og Austrheim kommentar til desse. Kommenterar til merknadar frå Austrheim kommune får godt fram at denne detaljreguleringa no er klar til godkjenning. Rådmannen vil og peika på det gode samarbeidet mellom planleggjar, Statens vegvesen og Austrheim kommune i saka. Planleggjarverksemda har gjort eit grundig arbeid.

Rådmannen vil understreka at Austrheim kommune er godkjent som ein *Trafiksikker kommune*, det gjer at det er viktig å få på plass slike plansaker. Det er langs fylkesvegen her ikkje tilbod til mjuke trafikantar i dag og det er viktig at planlegginga vår tek vare på barn og unges interesser og sikrar gode og trygge oppvekstvilkår. Rådmannen synes det er fornuftig at reguleringsplanen legg til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg og planskilt kryssing (undergang) for mjuke trafikantar ved vegkryss med Keilevegen. Rådmannen meiner det er framtidsretta at det langs Keilevegen er planlagt gang- og sykkelveg, det er ein framtidsretta løysing for den aukande trafikkmengda som vil koma der. Rådmannen vil peika på at eksisterande vegstandard og manglande tilbod til mjuke trafikantar i dag i

dette området er hovudårsaka til at dette planarbeidet vart sett i gang. Tiltaket med å etablere veganlegga vil utan tvil medføre auka trafikktryggleik for barn og unge i denne skulekrinsen.

Rådmannen vil opplysa om at før utbygging av veganlegget skal det utarbeidast ein byggeplan i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og retningsliner. Rådmannen synes det er viktig at det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø som skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivareteke i anleggs- og driftsfasen. Veganlegga er utforma med bakgrunn i Statens vegvesen si handbok N100. Rådmannen vonar at sidan dette planområdet med tilrettelegging for gange og sykling var med i *Plan- og byggeprogrammet for 2017 under prosjekt under planlegging* bør finansiering av veganlegget her koma på plass snart.

Rådmannen vil opplyse om at rekkefølgekrav er oppfylt for det aktuelle tiltaket dersom tiltaket er opparbeidd eller er *sikra opparbeidd*, gjennom at utbygger/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Austrheim kommune og/eller forpliktande avtale med Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av tiltaket.

Rådmannen er glad for at reguleringsplanen ikkje er vurdert å vere i konflikt med areal til naturmangfald, friluftsliv eller til kulturminneverdiar. Rådmannen synes at planarbeidet på ein god måte har vurdert konsekvensane i høve naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. Det er viktig at eventuelle negative verknadar av tiltaket under anleggsperioden for vegarbeidet vert så små som mogeleg. Det gjeld her særleg for Hopevatnet og vassdraget her, på denne staden må ikkje tillauksbekken verta brukt til deponiområde eller få uheldige avrenningar frå vegarbeidet. Rådmannen synes og det er positivt at landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala.

Rådmannen vil informera om at det ikkje ligg bustader nærare enn ca 70 meter frå ny senterline og støy vert difor ikkje vurdert som ei problemstilling i denne reguleringsplanen. Bygg som ligg langs Fv. 57 Mongstadvegen og Keilevegen er utelukkande nærings- og industribygg. Rådmannen meiner at eit planlagt veganlegg som reguleringsplanen viser vil ha ein positiv effekt for næringslivet og sørgje for gode og effektive transportvegar her i framtida. Rådmannen synes det er framtidsretta at det i føresegnene til reguleringsplanen er opna opp for at det innanfor planlagt areal kan plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, og annan infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget. Det er viktig med god dialog med BKK og dei som har ansvar for vassutbygging her før anleggsarbeidet byrjar.

Rådmannen synes reguleringsplanen no har fått på plass ein framtidsretta infrastruktur knytt til gang- og sykkelvegar langs Fv. 57 og langs Keilevegen. Ei opparbeiding av vegkrysset ved Keilevegen med rundkøyring og undergang vil vere med på å senke farten på strekninga og redusera trafikkfaren for mjuke trafikkantar her. Rådmannen rår til at **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002** vert godkjent slik den ligg føre. Plankart og føresegner er datert 21.10.2016 og planskildringa er datert 18.04.2017.

## Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016 og planskildringa er datert 18.04.2017.



